



ÅRSMELDING 2018


ÅRSMELDING

IL JOTUN FRIIDRETT

for perioden

1. januar 2018 til 31. desember 2018

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



1. Styret si samansetjing

- Leiar Per Inge Bale
- Nestleiar Wenche Natvik
- Økonomileiar/kasserer Per Inge Bale
- Sekretær Ingeborg Hjelle
- Sportsleg leiar Rigmor Skrede
- Styremedlem Arne Werge Olsen

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Merete Moen har vore kontaktperson mot All idrett
- Rigmor Skrede er med i Sportsleg Utval i IL Jotun
- Per Inge Bale er med i Anleggskomiteen i IL Jotun. Han representerer smågruppene, friidrett, symjing, styrkeløft og motorsport.
- Valkomité Merete Moen og Wenche Natvik

3. Møter

- 1 årsmøte
- 3 styremøte
- 1 foreldremøte
- 2 inntektsgjevande arrangement (Vårstemne og avslutning Allidrett/Friidrettens dag)
- Dugnad: Minijoggen på Vettisløpet og på minijoggen på Hydro Rundt
- Møter i hovudstyret
- Treningar : Friidrettsgruppa har arrangert 1 trening i veka for aldersgruppa 10 år og eldre gjennom heile året. Det har vore 15-30 aktive på kvar trening.

4. Saker

- Arrangerte Vårstemne, med 80 deltakarar
- Arrangerte avslutning Allidrett/Friidrettens dag, med 50 deltakarar
- Arrangerte minijoggen på Vettisløpet og minijoggen på Hydro Rundt
- Dugnad på symjesteemne i juni (arrangert av Jotun Symjegruppe)
- Investering av tidtakarutstyr Brower Timing system
- Investering av nye friidrettsdrakter frå Trimtex

5. Medlemstal

- Totalt 56
- Friidrett arrangerer treningar for utøvarar 10 år og eldre. Dei som er yngre enn 10 år, er med på friidrettstreningar organisert i Allidretten.
- 12 utøvarar mellom 10-12år
- 18 utøvarar mellom 12-16år
- 26 medlemmer 17 år og eldre
- Gruppa har ein god tilvekst av medlemmer både frå Øvre Årdal og Årdalstangen.

6. Utdanning

- Merete Moen, Trenar 1 Friidrett
- Rigmor Skrede, Trenar 1 Friidrett
- Rolf Breisnes, Trenar 1 Friidrett

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308

Vår dato
12.02.19

Vår referanse

- Ingeborg Hjelle, Aktivitetsleiarkurs Friidrett (barn 6-12 år)
- Ingeborg Hjelle har i 2018 starta på trenarkurs som fører til Trenar 1 i friidrett

7. Særforbund

- Noregs Friidrettsforbund

8. Konkurransar – Stemner – turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar
10.02.1018	Tyrving leikane, Innandørsstemne	Knut Werge Olsen
09-11.03.2018	UM, Innandørs Steinkjer	Knut Werge Olsen
15.04.2018	KM, Terrengløp Sandane	Gard Reppen Vigdal
21.04.2018	Rett Vest, Florø	Gard Reppen Vigdal
01.05.2018	Esefjorden Rundt, Balestrand	Gard Reppen Vigdal
20.05.2018	Vikja stafett og stemne	Gard Reppen Vigdal Knut Werge Olsen Sander Kilen Sondre Bale Alma Moen Eminovic Isak Nundal Selma Moen Eminovic Lidvin Hestetun Joakim Thomassen Martin Morland Elisa Nesse
01-03.06.2018	Framoleikane, Bergen	August Da Silva Sveen Gard Reppen Vigdal Joakim Thomassen Knut Werge Olsen
22.06.2018	Gneistspelen	Knut Werge Olsen
24.06.2018	Veidekkeleikane, Lillehammer	Knut Werge Olsen
08-10.06.2018	Sparebankleikane, Byrkjelo	August Da Silva Sveen Knut Werge Olsen Joakim Thomassen Alma Moen Eminovic Elisa Nesse
09.07.2018	Jølster Maraton (5 km)	Gard Reppen Vigdal
16.07.2018	Vaerldsungdomsspelen i Gøteborg	Knut Werge Olsen
18.07.2018	Sommarstemne, Oslo	Knut Werge Olsen
11-12.08.2018	Norgesleikane	Knut Werge Olsen

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308

Vår dato
12.02.19

Vår referanse

19.08.2018	Groruddalsleikane	Knut Werge Olsen
30.08.2018	UM Overhalla	Knut Werge Olsen
15-16.09.2018	KM Førde/Byrkjelo	Sondre Bale August Da Silva Sveen Katarina Da Silva Sveen Alma Moen Eminovic Martin Morland Joakim Thomassen Gard Reppen Vigdal Elisa Nesse
15-16.09.2018	Bergensleikane	Knut Werge Olsen
08.12.2018	Låvefest Ullensaker	Knut Werge Olsen

Knut Werge Olsen har delteke på mange stemner. Han konkurrerer i Noregstoppen i årsklasse 15 år. Han har i 2018 vore med på 7 innandørs og 13 utandørs stemner.

Innandørs :

På Tyrving leikane fekk han sølv, 4.plass i UM i Steinkjer (7,56) og gull i Bamseleikane. Bestenoteringane var 7,54 på 60m og 24,58 på 200m.

Utandørs:

Dei viktigaste stemnene her har vore Tyrving leikane, Værldsongdomsspelen i Gøteborg, Framoleikane i Bergen, Veidekkeleikane på Lillehammer og NM i Overhalla. I Gøteborg sprang Knut til direkte A-finale på 80m. Her var det ca. 80 med i klassen frå heile verda. Knut fekk gull på Framoleikane, gull på Veidekkeleikane og størst av alt vart han Noregsmeister på 100m i Overhalla. I tillegg fekk han bronse på 200m i same stemne, berre 1 hundredel frå sølv. Bestenoteringane utandørs var 11,56 på 100m og 23,64 på 200m.

Han har også delteke på 300m, 400m, 600m og 800m. Knut ligg no på toppen av adelskalenderen i Sogn og Fjordane på 300m med 38,59.

Bestenotering på 60m kom 1.desember og er på 7,32, og er med det 12. beste 15-åring i Norge gjennom alle tider.

På KM i Førde stilte Jotun med 8 deltakarar. Me konkurrerte i 60m, 100m, 600m, 1500m, kule, spyd, liten ball, lengde.

Joakim Andreas Røneid Thomassen vart KM vinnar i kule Gutar 14 år med 8,93m

Gard Reppen Vigdal vart KM vinnar på 1500 meter Gutar 15 år med tida 4,37,66

Han vart også KM vinnar i terrengløp (1200m) med tida 3,53 på Sandane.

9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2018 : kr. 117 544
- Resultat 2018 : Overskot : kr. 21 231
- Budsjett 2019 : Omsetning : kr. 78 000
- Har motteke kr. 4000 frå Årdal Kjemiske, kr 23 000 frå hovudlaget frå treningsavgift, kr 22 000 frå LAM og MVA kompensasjon.
- Friidrettsgruppa har ingen eigen sponsor men mottek kr 17 000 som del av midlar frå hovudsponsorane

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308



10. Anlegg & Utstyr

Friddrettsgruppa trenar i Årdalshallen og Jotun stadion. Jotun stadion er i dårleg forfatning og ein får ikkje trent optimalt på ein del øvingar. Dekke er glatt og har ein del sprekker og gras som veks opp. Lengdegropa er også i dårleg forfatning. Ein må bruka ein del tid på å rydda og halda orden framfor kvar trening/stemne.

- Friddrettsgruppa har avtale med Årdal kommune om at ein disponerer garasjen på Jotun stadion til oppbevaring av friddrettsutstyr. Her har me bytta lås og har eigen nøkkel til garasjen. I tillegg er det eit eige låsbart skåp plassert inne i garasjen.
- I 2018 har me gått til innkjøp av nye friddrettsdrakter og har no fleire drakter i ulike storleikar til utlån. Desse skal brukast når friddrettsgruppa ute og konkurrerer på stemne. Me har og i 2018 investert i tidtakarutstyret Brower Timing system.

11. Oppgåver i året som kjem

- Auka rekruttering
- Fleire arrangement som igjen bidreg til auka rekruttering
- Prøve å få IL Jotun og andre aktørar til å få jobba med opprusting av Jotun stadion
- Arbeida for at Jotun stadion også i framtida vert ein fullverdig friddrettsstadion med naturgras dekke på fotballbana. Slik at ein kan ha kastøvingane spyd, diskos, kule og slegge.

12. Eksterne verv – representasjon

- Ingen

Ein stor takk til trenarane Rigmor Skrede, Merete Moen og Rolf Breisnes for kjempegod jobb med utøvarane.

Øvre Årdal 12.02.2019

Leiar og kasserar
Per Inge Bale

Per Inge Bale

Nestleiar
Wenche Natvik

Wenche Natvik

Sportsleg Leiar
Rigmor Skrede

Rigmor Skrede

Styremedlem/skrivar
Ingeborg Hjelle

Ingeborg Hjelle

Styremedlem
Arne Werge Olsen